

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
054/23	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.05.2023
	Eldrerådet	PS	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
038/23	Ungdomsråd	PS	05.06.2023
055/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Pelle Engeseter	23/14

Vedtak av planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033

Vedlegg:

PLANPROGRAM kulturmiljø - Endeleg tl HS-vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert vedteken slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

Plan- og kommunalteknisk utval - 054/23

PL - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert vedteken slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

Ungdomsråd - 038/23

UR - behandling:

Koordinator for ungdomsrådet la fram saka.

UR - vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024-2033 vert vedteke slik det ligg føre. Samrøystes vedteke.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vart godkjend og vedteke lagt ut på offentlig høyring av heradsstyret i sak 007/23. Ved utløpet av fristen var det kome inn i alt 4 merknader.

1. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)
 2. Vestland fylkeskommune
 3. NVE
 4. Osterøy museumslag
- *Direktoratet for mineralforvaltning* oppmodar kommunen til å vurdere om kulturmiljøplanen skal omfatte den historiske betydninga gruveverksemda har hatt for kulturmiljøet i Osterøy.
 - *Vestland fylkeskommune* peikar på koplinga til rulleringa av KPA kan styrkast gjennom bruk av omsynssoner (H570) og gjennom ha eit fokus på kulturmiljø i tilknytning til tettstadane i kommunen. Fylkeskommunen peikar også på at Osterøy har visse op kulturmiljø som har eit regionalt perspektiv slik som småindustrien, bergverksdrift, vasskrafta, mølledrift og byggeskikk.
 - *NVE* viser til at Herlandsfoss kraftverk (1919) utgjer eitt av NVE sine utvalde kulturminne, og oppfordrar kommunen til å omtale kulturminnet i planen.
 - *Osterøy museumslag* skriv i sin merknad at Museumssenteret i Hordaland ser svært positivt på at Osterøy kommune no tek opp arbeidet med ein kommunedelplan for kulturmiljø. Vidare skriv dei at «Planprogrammet speglar god forståing av breidde og tema innan feltet. Det er særleg positivt at det reflekterer samanhengen natur-kultur.» Osterøy museumslag ser positivt på å vera referansegruppe for planarbeidet.

Vurdering

Rådmannen meiner samtlege merknader er relevante og vil bli tekne til følgje i planen. Merknadsskjema med rådmannen sine merknader er lagt ved.

I høyringsutkastet til planprogrammet opna me også opp for innspel frå privatpersonar, lag, organisasjonar og andre på kulturmiljø på tema som ein ønskte skulle takast inn i planen. Innspela kunne dreie seg om kulturminne, kulturmiljø og landskap. Det kom ingen innspel. Avsnittet «Innspel» på side 15 i høyringsutkastet er som følgje av manglande innspel teke ut av planprogrammet.

Folkehelse

Gode kulturmiljø og ivaretaking av kulturarven gjennom bruk er å rekne som helseførebyggjande.

Miljø

Kulturmiljøplanen vi ha fokus på tilhøvet mellom miljø og kultur.

Økonomi

Vern gjennom bruk kan vise seg å vere økonomisk fordelaktig.

Konklusjon

Med bakgrunn i saka slik det gjort greie for over, rår rådmannen til at planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert godteke slik det ligg føre.